

Ei bygdeallmenning blir til


**1000-år i spagaten? Frå
kongeallmenning, via
privatallmenning til
bygdeallmenning**

Innleiing på bestyrersamling torsdag 14.
mars 2024

Sæbjørn Forberg



Skjåk Almenning i dag





*Kong Magnus i Stavanger
domkyrkje*

Årets store jubileum: Landslova 750 år

- Landslova samanfattar føreseggnene om allmenningar i dei eldre landskapslovene. Dvs. rettar om beite, sæter, hogst, kvalfunn mm.
- «Saa skal almenninger være, som de har været fra gammel tid, både i det øvre og det ytre.» (Kap. 61.1)
- «Kongen kan bygsle almenning til hvem han vil.» (Kap. 62.1)
- Kongen «owner of last resort»?
- Skjåk i høgmellomalderen: Om lag 70 gardsbruk med eit folketal på rundt 600-700? Etter katastrofen 1347-49 tok ikkje folketalet seg opp att før 300 år seinare.
- Vi må gå ut frå at allmenningsbruk allereie var godt etablert.

Frederik III's statskupp 1660 – innføring av eineveldet

- Krongodssal for å finansiere statsgjeld etter Den skånske krigen/Gyldenløvefeiden (1665-79).
- I 1661 var 52% av jorda i Norge krongods. 8% var adelsgods og 40% privat, men av desse 40% var berre 19% sjølveige.
- Blant anna kongeallmenningar kom på sal. Stange Almenning først ut i 1668?
- Det mest spektakulære var Irgens-salet i 1666: Alt krongods i Helgeland, Salten, Senja, Vesterålen, Lofoten, Andenes og Troms gikk for ei tønne gull.
- Same år brann London – opptakt til trelast patrissetet i Christiania/Drammen og norsk trelast eksport.
- Merkantilisme og i hovudsak økonomisk oppgangstid fram til Napoleonskrigane.



Frederik III (1609-1670)

Nordherredsmarken under hammaren i 1726

- 1723: Første skriftlege spor av dagens Skjåk almenning. I matrikkelen er allmenninga oppført med 9 skinn landsskyld.
- 1724: Tiltale mot tre bønder for tjuvhogst i kongens allmenning.
- To år seinare vart kongeallmenninga auksjonert bort på garden Elstad i Ringebu. «Allmuen» deltok i bodgjevinga – *det stod om bruksretten* - men dei nådde ikkje opp.
- Etter 89 bodrunder fekk Christiania kjøpmann Johan Jocum Lonicer tilslaget for 950 riksdalar.



Nordherretsmarkens alminding med Lia fiskevand, 9 skinn skyld. Magister Forberg belærer ungdommen!

Full forvirring: Kva hadde Lonicer eigentleg kjøpt?

- Eigarskap til heile allmenninga, kva nå det måtte bety og kor stor nå den måtte vere?
- Berre ein hogstrett?
- Eit plassbruk med 9 skinn skyld?
- Eigentleg skulle skøytet vore annullert, for allmenningssala i 1726 vart kalla attende. Men pga. mangefull arkivering giekk det ikkje fram at »Nordherredmarken alminding» var ei allmenning. (Jf. Gunnar Tank, 1916).
- Var allmenninga sant å seie ikkje ei konge-allmenning, men eit bygdesameige? 1726-salet vart likevel ståande, og allmenninga var privatallmenning fram til 1798.



*Nyrydding i allmenninga etter 1739 og nye konfliktar i bygdesamfunnet.
Her Kollungsetri og Bråtagrendi i vinterprakt.*

Heimkjøpet og «dei framsynte menn»

- «Nordherredsmarken» gjekk på handel og i arv innanfor «trelast-patrisiatet» fram til 1798.
- Unntaket var åra under «bygdekaksen» Tosten Olsen Hjelle frå Dovre i perioden 1731-1743. Han sette i gang store tømmerdrifter, men greidde ikkje leveringsvilkåra og gjekk konkurs.
- Siste private eigar var kammerherre Bernt Anker – Norges rikaste mann kring år 1800.
- Han selde allmenninga til oppsittarane på matrikulerte gardsbruk rekna ut frå skyld. Kjøpesummen var 2500 riksdalar, der 10 riksdalar = ei hud = 12 skinn.
- Eitt bruk i Lom (Andvord) vart også medeigar fordi oppsittaren var med og formidla handelen.



Fordeling av eigarskap og bruksrett

- I utgangspunktet var det 118 bruk på eigarslista, der skylda varierte frå 6 huder og 6 skinn ned til 2 skinn. I tillegg kom 24 bruk som flestalle låg innanfor allmenninga. Somme av desse var allereie avhenda av Anker, medan andre la pengar til kjøpet og vart sjølveigarar.
- Garddeling og fråsal dei neste to hundre åra har ført til at det i dag er 206 bruk med både eigedomsrett og bruksrett.
- I tillegg kjem rundt 160 bruk med berre bruksrett. I denne gruppa finn vi tidlegare allmenningsbruk, plassbruk og bureisingsbruk frå mellomkrigstida.



«Gronbygda» Skjåk med hovudtyngda av eigarskapen.

1800-talet: Konsolidering

- Skogen var uthoggen tidleg på 1800-talet, men store salsdrifter kom i stand mot slutten av hundreåret. Utbytet frå hogstane gjekk til allmenningseigarane.
- «Schweigaardsk liberalisme»: Gjentatte initiativ om utskifting av skogen i perioden 1839-1861, som ikkje vart noko av.
- Første spirer til bruksreglar i 1834. Revidert og utvida i 1837, 1845 og 1858.
- Den første moderne allmenningslova i 1857 og skoglova av 1863: Steg bort «frå privat bruk av felles område». (Søvatdal).
- 1857-lova innfører legaldefinisjonen av bygdeallmenning, dvs. allmenning der eigedomsretten ligg til minst halvparten av dei jordbrukselgdommane som frå gammal tid har brugsrett i allmenningen.
- Frå 1880 tilsett allmenningsstyrar med forstfagleg kompetanse.
- Fellesdrift og lisitasjon av hogging og framkøyring frå 1890-åra.



Nørdre Bysjet, tidlegare allmenningsbruk. Sjølveige 1929.

Bygdesameige eller allmenning – Bergsund saka 1862-1867

- Den 22. juli 1862 vart det inngått kontrakt mellom brørne Anders og Rasmus Bergsund, på den eine sida, og eit stort fleirtal av allmenningseigarane, på den andre, om ei salsdrift til verdi av 15.000,- speciedalar.
- Bergsund brørne skulle få hogge alt tømmer 10 toms topp - 7 alen langt/12 toms topp – 6 alen langt innanfor eit nære avgrensa område.
- 14 større eigarar reserverte seg mot salet. Det same gjorde etter kvart allmenningsstyret, Ole Præstgaarden og Rolf Bræk vart utpeikte til å ta rettslege steg for å få salet underkjent.
- Bergsund brørne prosederte på at dei hadde gjort avtale med eit sameige og ikkje ei allmenning, men tapte i alle instansar fram til og med Högsterett i 1867.
- Konklusjon: Skjåk Almenning er ei bygdeallmenning.



Skogbygda Skjåk med allmenninga «norda Berget».

1900-talet: Frå salsdrifter til samfunnsaktør

- Rivaliseringa mellom bruksretts- og eigarinteresser held fram, m.a. ved at 1897 lova om allmenningsval opna for vallister. Allmenningsstyret vart såleis ein allmennpolitisk kamparena utetter hundreåret.
- Mindre sagbruk for å tene bruksrettsbehovet hadde funnest i lang tid, men i 1930 kom – etter langdryge diskusjonar – Skamsarsaga i gang med produksjon av trelast for den opne marknaden.
- Mot slutten av første verdskrig var allmenninga også engasjert i planar om vasskraftutbygging, men dette vart ikkje noho av pga. økonomisk tilbakeslag etter verdskrigen – og kven åtte fallrettane?




Gudbrandsdalsmusea

Skamsarsaga i drift frå 1930. Det starta med streik!

Det toppar seg: Eigaraksjonen 1938

- I 1938 retta ei gruppe eigarar under leiing av Rikkar Skjelkvåle slik «henstilling» til Landbruksdepartementet:
- Sal av allmenningsgrunn må straks ta slutt! (Jamfør den seinare Titus Fallingen dommen om allmenningsstyrets kompetanse til å selje grunn i 1963).
- Inndraging av røysteretten fra tidlegare allmenningsbruk og nymatrikulerte bruk!
- Disponering av overskotet i allmenninga skal vere ei sak for eigarane åleine!
- Allmenningsstyret skal ikkje ha mynde til å ta opp lån eller pantsetje allmenninga!

I tillegg kom også det gamle spørsmålet om utskifting av allmenninga opp att.



Dei ytre grensene: Høyfjellskommisjonen

- Jaktlova av 1899 legg jaktretten til grunneigaren.
- I 1908 vart særdomstolen *Høyfjellskommisjonen* oppretta for å bestemme grensene mellom staten og andre grunneigarar i fjellet. Kommisjonen arbeidde like fram til 1953. Avgjerder i Høyfjellskommisjonen kunne bli anka direkte til Høgsterett.
- Staten la ned påstand om at fjellet i Skjåk kommune var statsallmenning. Påstanden frå allmenningsstyret var bygdeallmenning.
- Fram til spørsmålet vart endeleg avgjort av Høgsterett i favør av allmenninga i 1922, hadde Skjåk eige fjellstyre etter den første fjellova av 1920.



Tamreindrift i ymse former frå (1840) 1890-åra til 1964. Sidan frislept tamrein som villrein.

Etterkrigstida I: Fram til «fredsavtalen» i 1995

- Konfliktane frå mellomkrigstida og «Eigaraksjonen» brann delvis ut frametter andre halvdel av 1900-talet.
- Men interessegruppene organiserer seg, først ved at Skjåk bruksrettslag blir revitalisert i 1958. I 1969 organiserer eigarane seg i Skjåk Almennings eierlag. Eigarlaget er organisert som eit sameige etter sameigelova.
- I 1967 selde eigarane fallrettane i allmenninga til Opplands kraft og Tafjord kraft. Årleg indeksregulert erstatning fordelt etter skyld. P.t. knapt 6. mill. kr per år.
- Kring 1990 – kontrovers om dei nye allmenningslovene. Diskutert om Skjåk Almenning skulle få eiga forskrift under lov om bygdeallmenninger (1992).
- 1995: Avtale og forlik mellom Skjåk almenningsstyre og Eigarlaget om kontantutbyte mm. Dvs. kontantutbyte=ytингane til bruksretten.



Aursjofjellet, Reinheimen

Etterkrigstida II: Modernisering med fleire bein å stå på.

- Skogsdrifta blir gradvis motorisert og rasjonalisert. Øks, svans, hest og manuelt sesongarbeid må vike for motorsag, traktor og profesjonelle skogsarbeidarar. Til slutt kom hogstmaskina og lassberaren.
- Fritidssamfunnet melder seg med festetomter for hytter og fritidshus.
- Nytt sagbruk med høyleri og administrasjonsbygg blir bygt i 1960-åra. Etter kvart også byggevareutsal.
- I 1964 blir tamrein drifta avvikla – allmenninga leide ut beiteareal og deltok aldri i sjølve drifta. Etter nokre år vart sal av vilreinjakt den største inntektposten. Stor auke i bestandane av elg og hjort dreg i same retning.



2000-talet: Bruk og vern eller «kongens retur»?

To store saker var i fokus første tiåret etter tusenårsdagen:

1. Kraftutbygging i Øvre Otta: Etter 30 år med planlegging og strid vart Øvre Otta utbygginga fullført i 2006. Samla effekt 175 MW med middel årleg produksjon ca 700 GWh.
2. Verneområda i Reinheimen (oppretta 2006) og Breheimen (oppretta 2009). Nasjonalparkar, landskapsvernområde og reservat omfattar 78% av Skjåk kommune og rundt 90% av Skjåk Almenning. Er dette «kongens retur»?

Strategiske mottrekk: Samarbeid, lokal forankring og solid utmarkskompetanse.



*Øvrigheita på
besøk: Opninga av
Breheimen
nasjonalpark,
2009.*



In the Brightness of Place
Topological Thinking in and after Heidegger



TAKK FOR MEG!

Sommarutsikter
med utsikter til
sommar